



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Kontakt saksbehandlar

Tiril Marie Jansen, 51 56 87 06

Informasjon om ordinært skjønstilskot for 2025 og viktige fristar

I dette brevet gjer Statsforvaltaren greie for prosess for fordeling av ordinært skjønstilskot for 2025 og restskjønn for 2024. Ordinært skjønstilskot for 2025 blir berre vurdert tildelt kommunar som har sendt inn ein søknad innan fristen 30. august 2024. Frist for å melde inn behov for restskjønn/kriseskjøn for 2024 er 30. september 2024. Frist for å søke om skjønstilskot til utvikling og innovasjon for 2025 er 1. november 2024.

Nasjonal skjønnsramme

Stortinget behandla kommuneproposisjonen for 2025 og ga Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) fullmakt til å fordele ei nasjonal skjønnsramme på 1 000 mill. kroner i skjønstilskot til kommunar og fylkeskommunar. Skjønnsramma for kommunane er sett til 800 mill. kroner, den same som i 2024.

KDD fordeler kvart år skjønstilskot til kommunar etter ei innstilling frå statsforvaltarane. Skjønstilskotet skal kompensere kommunar for lokale forhold som ikkje blir fanga opp i den faste delen av inntektssystemet, og bidra til fornying og utvikling i kommunesektoren. Fordelinga av ordinære skjønstilskot skjer om hausten, i samband med statsbudsjettet.

Ordinært skjønstilskot for 2025 – frist for å søkje er 30. august

KDD gir føringar for fordeling, bruk og rapportering av skjønstilskot. Skjønstilskotet skal ikkje fordelast berre på grunnlag av ein fast berekningsmodell eller til forhold på einskilde tenestemråde.

Statsforvaltaren sin innstilling til fordeling av skjønstilskotet skal vere basert på skriftleg og/eller munnleg dialog med kommunane. Informasjon frå kommunane er viktig for å oppnå ei så god tildeling som råd, og vi ber derfor alle kommunar som kan peike på spesielle, lokale forhold som ikkje blir fanga opp av inntektssystemet eller andre ordningar, om å gjere dette skriftleg i ein søknad om ordinære skjønstilskot.

Skjønstilskot for 2025 blir berre vurdert tildelt til kommunar som har sendt inn søknad innan fristen 30. august 2024. I tilfella der det er snakk om konkrete utgifter, må kommunen dokumentere utgiftene. Hugs skjema for ekstragrupper grunna språkdeling. Send søknad til sfropost@statsforvalteren.no



Døme på forhold som kan gi grunnlag for ordinært skjønstilskot:

- særskilte utfordringar knytt til rus/psykiatri
- særskilte utfordringar knytt til ressurskrevjande tenester
- utgifter til båtskyss av helsepersonell
- særskilte kostnader knytt til språkdelingsgrupper

Statsforvaltaren skal gjera ei heilskapleg og konkret vurdering av kommunen sitt behov for skjønstilskot, og tildela skjønstilskotet på grunnlag av kommunen sin overordna økonomiske situasjon.

Meir om språkdeling

I opplæringslova § 3-1 Bokmål og nynorsk for elevane i grunnskolen som trer i kraft 01. august i år står det: «Når minst ti elevar på eitt av trinna 1 til 10 i ein kommune ønskjer eit anna skriftspråk som hovudmål enn det som er vedtatt for skolen, har dei rett til å bruke og å få opplæring på dette skriftspråket i ei særskild gruppe. » Skjønstilskot kan tildelast for å kompensere for meirutgifter til språkdeling, altså i dei tilfella kor det er oppretta fleire elevgrupper enn det skulane hadde behovd dersom alle hadde same målform.

Kommunane som opplever meirkostnader som følgje av ekstra språkdelingsgrupper må sende inn ein søknad om ordinært skjønstilskot innan fristen og fylle ut eit eige skjema. Skjemaet ligg vedlagt dette brevet.

Restskjøen for 2024 – frist for å søkje er 30. september

I tråd med føringar frå departementet har Statsforvaltaren for 2024 halde tilbake deler av skjønnsramma til fordeling gjennom året. Desse midlane skal bidra til å ivareta kommunar som opplever uventa og ekstraordinære økonomiske utfordringar gjennom året, inkludert naturskade.

Skjønstilskot til utvikling og innovasjon/prosjektskjøn for 2025 – frist for å søkje er 1. november

Meir informasjon om prosjektskjøn kjem i eige brev i august.

Annan informasjon

Som grunnlag for søknad og meir informasjon om skjønstilskot sjå:

- Kap. 4 i kommuneproposisjonen 2025, Prop. 102 S (2023-2024), om skjønstilskotet. Kommuneproposisjonen blei behandla i Stortinget 12. juni 2024.

Med helsing

Monica Nessa (e.f.)
avdelingsdirektør

Tiril Marie Jansen
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent



Adresseliste:

Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Egersund
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane